

**Sakshandsamar:**Kenth Rune T. Måren
E-post: kenth.rune.maren@sfj.no
Tlf.: 41530971**Vår ref.**Sak nr.: 17/6799-5
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

36210/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 26.09.2017

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 DEP

0032 OSLO

Høring om plikt til tidlig innsats i skolen (saksnr. 17/2988)

Sogn og Fjordane fylkeskommune sender med dette over vedtak og høyringsuttale i samband med høringa om plikt til tidleg innsats i skulen. Etter avtale med kunnskapsdepartementet er saka merka med saksnummer 17/2988.

Med helsing

Kenth Rune T. Måren
teamleiar*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*Vedlegg:

1. Saksprotokoll frå hovudutval for opplæring sitt møte 26.09.2017
2. Saksutgreiing med høyringsfråsegn om tidleg innsats i skulen

Mottakar (ar)

Kunnskapsdepartementet Postboks 8119 DEP 0032 OSLO

Kopi til:



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for opplæring

Møtedato: 26.09.2017

Sak nr.: 17/6799-4

Internt l.nr. 36178/17

Sak: 27/17

Tittel: Høring plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Høyringsfråseigna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/6799-3

Høyring plikt til å tilby intensiv opplæring og plikt til fleirfagleg samarbeid

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

Vedlegg:

1. Svar frå Kunnskapsdepartementet om utvida svarfrist

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

Kunnskapsdepartementet sende framlegg til endringar i opplæringslova og friskulelova på høyring.

Endringane omhandlar plikt til å gje tilbod om intensiv opplæring til elevar på 1. – 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller rekning. Høyringsnotatet inneheld og framlegg om plikt for skulen til å samarbeide med kommunale tenestetilbydarar om fleirfagleg vurdering og oppfølging av elevar med helsemessige, personlege, sosiale og emosjonelle vanskar knytt til opplæringa.

Fylkesdirektøren for opplæring ynskjer å legge sak om høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fram til politisk handsaming. Høyringsfristen var sett til 20. september 2017, og fylkesdirektøren har søkt departementet om utsett frist til etter møtet i hovudutval for opplæring, 26 september 2017. Svar frå Kunnskapsdepartementet ligg ved saka.

Fylkesdirektøren for opplæring har invitert, per e-post, dei vidaregåande skulane, elevorganisasjonen og ungdomspolitisk utval til å komme med innspel til høyringsuttala seinast 15.09.17. Det er ikkje motteke innspel.

Oversikt over høyringsnotatet kan hentast på regjeringa.no. Begge framlegga er omtala i Meld.St 21 (2016-2017) *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*.

Framlegg

1. Plikt til å tilby intensiv opplæring på 1. til 4. trinn ved å vedta ein ny § 1-4 i opplæringslova som kjem i tillegg til regulering av tilpassa opplæring og tidlig innsats i § 1-3.

Framlegg til lovtekst:

Ny § 1-4: Tidleg innsats på 1. – 4. trinn På 1. til 4. årstrinn, skal skolen sørge for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventna progresjon blir nådd. På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren støttar framlegget til å innføre plikt til intensivopplæring, og at plikta vert innarbeidd i lova som ny §4-1.

2. Plikt til fleirfagleg samarbeid. Elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring har etter opplæringslova § 9-2 rett til nødvendig rådgjeving. Retten inneber m.a. rett til sosialpedagogisk rådgiving, irekna formidling av kontakt med hjelpeinstansar utanfor skulen. Av forskrift til opplæringslova § 22-2, er det m.a. regulert at personalet på skulen skal ha tett kontakt og samarbeid med hjelpeinstansar utanfor skulen, slik at det blir samanheng i tiltaka rundt eleven.

Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester til innbyggjarane og andre som oppheld seg i kommunen, er regulert i helse- og omsorgstenestelova. Kommunen sitt ansvar, etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1, første ledd, inneber ei plikt til å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester innad i kommunen, og andre tenesteytarar der dette er nødvendig.

Primærhelsetenesta i kommunen har ei rekke plikter til samarbeid om barn og unge sitt oppvekstmiljø. Kommunen har ansvaret for helsetenester i skulen, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-2, første ledd. Primærhelsetenesta skal også samarbeide med skulen om tiltak som fremjar godt psykososialt og fysisk lærings- og arbeidsmiljø for elevar, og gi støtte og undervisning i gruppe/klasse dersom skulen ønsker det (forskrift om helsestasjons- og skolehelsetjenesten § 2-3).

I merknadane til forskrifta blir det framheva at skulehelsetenesta sitt bidrag i det miljøretta arbeidet bør skje ved skulen og ha brei tverrfagleg basis. Barnevernstenesta skal etter barnevernlova § 3-2, samarbeide med andre sektorar og forvaltningsnivå dersom det kan medverke til å løyse barnevernstenesta sine oppgåver, m.a gi råd, uttale og delta i planlegging og samarbeidsorgan som blir oppretta.

Ut frå forsking er det grunn til å tru at effekten av tiltak med ei fagleg innretning blir større på elevane si læring dersom også ikkje-faglege faktorar som påverkar læringsutbyttet, blir følgt opp. Tiltak for fleirfagleg vurdering og oppfølging vil også kunne gi betre arbeidsdeling mellom dei kommunale tenestene, og kan for skulen bety at lærarar, i enda større grad, kan konsentrere seg om undervisning.

Framlegg til lovtekst:

Ny § 3-6b Skolen skal samarbeide med relevante kommunale tenester om vurdering og oppfølging av barn og unge med helsemessige, personlege, sosiale eller emosjonelle vanskar.

Fylkesdirektøren si vurdering

Fylkesdirektøren støttar framlegget og er samd i departementet sine vurderingar om at det har vore manglande regulering av skulen sitt ansvar for fleirfagleg arbeid. Dette kan ha skapt uvisse rundt skulane si rolle og ansvar i ikkje-faglege faktorar som påverkar læringsutbyttet.